



Tingvoll, 7.7.2019

NEAS

HAGELUPIN VED HØGSPENTANLEGG – TINGVOLL-LIA

Ved ein tur forbi høgspentanlegget, overgang frå luftleidning til kabel, i Tingvoll-lia, blei vi i dag merksam på at det er kome hagelupinar.

Hagelupinar er ein framandart med svært høg risiko. Den har ikkje vore i det området tidlegare, så vi antar at arten er kome dit i samband med arbeid som har vore gjort dei siste to-tre åra, anten ved at det er brukt jord som har hatt frø, eller maskinar som ikkje har vore reingjort. Det er dykkar ansvar å gjere slikt arbeid utan å spreie framande artar som kan gjere skade.

Det vil vere svært negativt om hagelupin spreier seg vidare til kulturlandskapet i Tingvoll-lia. I tillegg til eit alminneleg kulturlandskap er det i området fleire lokalitetar med semi-naturlig eng, og eit par lokalitetar som også er utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Vi reknar difor med at de som ei miljøansvarleg verksemd straks får sendt nokon ut for å samle saman desse plantene før dei slepp frøa. Vidare at de set i gang tiltak for å få fjerna plantene og etterpå har tilsyn ein gong for året midt i juni for å ta kontroll over planter som spirer frå frø som framleis finst i jorda. Det er antatt at frø av hagelupin kan vere spiredyktige etter 50 år i jorda, så det er viktig at det ikkje ramlar av frø.

Det vi såg på plassen no var to større tuer under høgspentmasta og ei mindre tue ned mot veggøfta. Det kan vere meir.

Vi ber om å få rapport når arbeidet er utført.

Med helsing

Øystein Folden

